

OED
v/ Statsråden

Oslo

Rauland, 11. 12. 2013

Nyvurdering av konsesjon til Bjotveit kraftverk - ref 12/2133.

Hardangervidda Grunneigarsamskipnad (HG) er kjend med saksgangen, sist med brev frå Statsråden dagsett 4.12.2013.

Noko av argumentasjonen mot tiltaket er at det ligg i "randområdet" til Hardangervidda Nasjonalpark. Det verkar underleg å draga "Hardangerviddaplatået" (jf. side 68 i Forvaltingsplanen) langt ned i lidane mot Sørfjorden, det er no ein ting. Ein annan ting er det prinsipielle: Skal vernet ha "smitteeffekt" til areal utanom vernegrensene? Frå tid til anna møter ein den oppfatninga, frå organ som er sette til å handheve både vernereglar og PBL.

Me er djupt usamde. Ei grense er ei grense, ein glideskala i forvaltingspraksis blir heilt vilkårleg. Kor langt utanom vernegrensa skal ein slik mellompraksis gange? Kor mykje strengare enn normal praksis i LNF-område skal han vera?

Fjellteksten (St.t.prp. 65 2002-2003) seier at det er ynskjeleg med auka bruk og auka verdiskaping i utmark generelt og i verneområde spesielt. Med den målsetjinga i mente kjem motstanden mot aktuelt tiltak i eit underleg ljøs. Diverre er det så at generelt har forvaltningssystemet sabotert Fjellteksten.

Både vernereglar og PBL (fram til 01.01.2014) er MD sitt ansvarsområde. HG vil, saman med Fjellstyra på Hardangervidda og ordførarane i kommunane rundt Vidda, beda om eit møte med MD på nyåret. Ved sida av andre spørsmål vil me då taka opp om vern skal ha "smitteeffekt" på kringliggjande areal.

Helsing

Johan Vaa (sign.)
leiar HG

Kopi til
Solfrid Borge, ordførar i Ullensvang
Lars Sponheim, Fylkesmann i Hordaland
Per Sanderud, NVE
Endre Bjotveit